



Vår saksbehandlar:
Elisabeth Gjerde

Sak nr D- 425/17
Direkte telefonnr.:
53423154

Vår dato:
29.06.2017

Dykkar dato:

Vår referanse:
2016/406-16636/2017

Dykkar referanse:

FRONTA BYGG AS
Postboks 1314
5406 STORD

MELLOMBELS BRUKSLØYVE SERVICEANLEGG/VASKEHALL, P-PLASS, SKJERMÅTAK/MILJØPARKERING OG VA-ANLEGG 89/122 HOLLUND

Me viser til din søknad om mellombels bruksløyve for bussanlegg på gnr.89 , bnr. 122, mottatt den 12.06.17.

VEDTAK:

Bygningsmynde i Bømlo kommune gjev med dette mellombels bruksløyve for ovannemnde tiltak fram til dato 10.07.17, jamfør plan- og bygningslova § 21-10, tredje ledd.

Mellombels bruksløyve kan gjevest etter søknad dersom det står att mindre vesentlege arbeid og kommunen finn det ubetenklege. I følgje innsendt synfaringsrapport datert 09.06.17 er det registrert følgjande mindre vesentlege manglar: Det manglar nokre beslag på tak. Attståande arbeid må vera fullført innan 10.07.17.

Dersom attståande arbeid ikkje blir utført innan fristen, skal plan- og bygningsmynde gje pålegg om ferdigstilling, som kan gjennomførast ved sanksjonar, jf. plan- og bygningslova § 21-10 tredje ledd siste punktum. Ny sluttkontroll skal utførast, og sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstilling skal sendas plan- og bygningsmynde før det kan gjevest ferdigattest.

Etter plan- og bygningslova §25-2 kan kommunen føra tilsyn kva tid som helst i løpet av byggjesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gjeve.

Bygget eller deler av bygget må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det bygget er godkjent for. Ei bruksendring krev særskild godkjenning.

Tiltakshavar: Hordaland fylkeskommune
Ansvarleg søker: Fronta bygg AS
Byggjeløyve: Vedtak D 1/17, datert 02.01.17
Tiltakets art: Tilbygg
Type bygg: Annan industribygg
Bygningsnr.: 16824852

Anna: Bygget er tilkopla offentleg vatn og offentleg avlaup. Påslepp frå vaskehall går via oljeutskiljar. BVA AS har pr mail stadfestat at naudsynt innmålingsdata er mottatt.

Oppmålingsavdelinga har stadfesta at innmålingsdata for tiltaket er mottatt.

Gebyr:

Sakshandsamingsgebyret vert fastsett etter gjeldande regulativ og 21 - 7, jf SAK 10, kapittel 7. Faktura vil bli tilsendt tiltakshavar frå vår økonomiavdeling. Nærare informasjon om saksbehandling, gebyr m.m er å finna på www.Bømlo.kommune.no (**bustad og eigedom**).

Klagerett:

Søknaden din er avgjort etter fullmakt. Du kan klaga på Bømlo kommune sitt vedtak. Klagen må vera sendt innan tre veker etter at du fekk dette brevet. Du skriv klagen din til Fylkesmannen i Hordaland, men du må senda brevet til oss.

Eventuell klage vert å senda på e-post til postmottak@bomlo.kommune.no eller pr. brev til Bømlo kommune, Arealbruk, Leirdalen 1, 5430 Bremnes. Sjå meir informasjon om klage og klagerett på vedlagt informasjonsark.

Med helsing
Bømlo kommune

Elisabeth Gjerde
Avd. ingeniør
Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

Kopi til:
HORDALAND FYLKESKOMMUNE EIGEDOMSAVDELINGA Postboks 7900 5020 BERGEN
Bømlo Vatn og Avløpsselskap As
Finnås Kraftlag Sa
SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS Svartasmåget 5419 FITJAR

Sendar Bømlo Kommune Arealbruk 5430 Bremnes	Melding om rett til å klaga over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova §27 3.ledd)
Klageinstans: Fylkesmannen i Hordaland, justisavdelinga	Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom de vil klaga på vedtaket de no er gjort kjend med
Klagerett	De har rett til å klaga på vedtaket
Kven kan du klage til?	Klage sender du til Bømlo Kommune. Dersom ikkje vedtaket vårt vert endra som følgje av klagen, sender me klaga over til fylkesmannen i Hordaland.
Klagefrist	Klagefristen er tre veker frå den dag dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom du klagar så seint at det kan vera uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du opplysa om datoен for når du fekk dette brevet. Dersom du klagar for seint, kan me sjå bort frå klagen. Du kan søkja om å få lengre klagefrist. Dette må då grunngjenvært.
Innhald i klagen	De må opplysa om kva for eit vedtak du klagar på, grunn til at du klagar, dei endringane du ynskjer og eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å sei til vår vurdering av klagen. Klagen må vera underskriven.
Utsetting av gjennomføringa av vedtaket	Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk med det same. Men du kan søkja om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå dokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unnatak har du rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss. De vil då få nærmere rettleiing om retten til å klaga, om framgangsmåte og om reglane for saksgongen.
Kostnadane med klagesaka	Det er høve til å krevja dekking for ekstra kostnader i samband med klagesaka, til dømes til advokathjelp. Dersom vedtaket vert endra til din fordel, kan du ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynt for å få endra vedtaket. Klageinstansen vil om naudsynt gjera deg merksam på retten til å krevja slik dekking av sakskostnader. Eventuelt krav om dekking av sakskostnader må vera fremja innan tre veker etter at det nye vedtaket vart gjort kjent for deg.
Klage til sivilombodsmannen	Dersom du meiner at du har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan du klaga til stortingsombodet for forvaltninga (sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endra vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har behandla saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom du får klagen din avgjord i statsråd fordi Kongen er i statsråd, kan du såleis ikkje seinare føra saka inn for sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	